

- 1
- 2
- 3
- 4
- 5
- 6
- 7
- 8
- 9
- 10
- 11
- 12
- 13
- 14
- 15
- 16
- 17
- 18
- 19
- 20
- 21
- 22
- 23
- 24
- 25
- 26
- 27
- 28
- 29
- 30

Vedtekter for Studenttinget ved Høgskulen i Volda

AU sitt forslag til reviderte vedtekter.

Til behandling på studenttingsmøte 31.01.2018

31

32 **§ 1 Føremål**

33 Studenttinget i Volda (STiV) er det øvste studentdemokratiske organet ved Høgskulen i Volda
34 (HVO). STiV skal arbeide for studentane ved HVO sine faglege, velferdsmessige og
35 demokratiske rettar, og fremje studentane sitt synspunkt ovanfor institusjonen sitt styre.

36

37 Underlagt STiV finst følgjande organ; Studenttinget, Studenttinget sitt valde arbeidsutval, og
38 Studentrådet. I tillegg har STiV nedsett eigen kontrollkomité.

39

40 **§ 2 Styringsdokument**

41 **§ 2-1 Vedtekter**

42 Vedtektene er organisasjonen sine formelle reglar, og er overordna dei andre
43 styringsdokumenta. Vedtektene kan reviderast. Dei gjeldande vedtektene ligg alltid til grunn,
44 og det må vere 2/3 fleirtal i Studenttinget for å vedta endringar. Endringane trer i kraft når
45 endeleg dokument er vedteke.

46

47 **§ 2-2 Strategiplan**

48 Strategiplanen er eit dokument om STiV sine overordna mål, som går over ein fireårsperiode.
49 Kwart fjerde år skal ny strategiplan vedtakast, men han kan reviderast kvart år med 2/3 fleirtal
50 i Studenttinget. Endringane trer i kraft når endeleg dokument er vedteke.

51

52 **§ 2-3 Budsjett**

53 Budsjettet er STiV sine retningslinjer for den økonomiske drifta det komande året. Budsjettet
54 skal vedtakast årleg ved fyste Studenttingsmøte på vårsemesteret, og trer i kraft umiddelbart.
55 Revidering av budsjett skal på dagsorden i løpet av vårsemesteret, men også etter behov eller
56 ynskje.

57

58 **§ 2-4 Arbeidsprogram**

59 Arbeidsprogrammet er retningslinjene for STiV sitt politiske arbeid for det komande
60 studieåret. Arbeidsprogrammet skal vedtakast kvart studieår ved nest siste Studenttingsmøte i
61 vårsemesteret. Programmet kan reviderast ytterligare etter høve.

62

63 **§ 2-5 Valreglement**

64 Valreglementet til STiV gir retningslinjer for førebuing og gjennomføring av val i STiV.
65 Dette gjeld ved val verv i Studenttinget, studentrepresentantar i råd- og utval, samt tillitsvalde.

66

67 **§ 2-6 Gjennomføring av endringar i styringsdokumenta**

68 Alle studentar ved HVO har moglegheit til å fremje forslag til endring av STiV sine vedtekter,
69 valreglement og styringsdokument. Årsak til ynskje om endringsforslag kan leggjast ved
70 skriftleg, og då skal dette også leggjast fram for Studenttinget for handsaming.

71

72 Endringar av STiV sine vedtekter, valregelement og styringsdokument skal gjerast av
73 Studenttinget, og krev minst 2/3 fleirtal. Alle forslag til endring av STiV sine vedtekter,
74 valregelement og styringsdokument skal fyrst handsamast av STiV sitt Arbeidsutval. Dei skal
75 komme med skriftleg innstilling til vedtak til Studenttinget. Det er mogleg for medlemmar av
76 Arbeidsutvalet å ta ut dissens.

77

78 **§ 3 Økonomi**

79 **§ 3-1 Budsjett**

80 Det er Arbeidsutvalet i STiV si oppgåve å utarbeide forslag til budsjett. Dette blir lagt fram
81 for Studenttinget, jf. §2.3.

82

83 Arbeidsutvalet i STiV har mynde til å gjere om på dei ulike budsjettpostane med inntil 5000
84 kr per semester uavhengig av post, om dette er til det beste for studentane ved HVO. Ved
85 større summar må budsjettendring vedtakast av Studenttinget.

86

87 Kwart år skal det i budsjettet setjast av 5000 kr frå velferdsmidlar til Pris for
88 internasjonalisering.

89

90 **Dissens1: stryke linje 86-87.**

91

92 **§ 3-2 Rekneskap**

93 Arbeidsutvalet i STiV skal leggje fram rekneskap for godkjenning for året som har gått ved
94 fyrste Studenttingsmøte etter årsskiftet. Regnskapet fylgjer ordinært kalenderår. Rekneskapet
95 til STiV er offentleg, og ein kan få innsyn i rekneskapet på førespurnad.

96

97 §4 Mistillit

98 § 4-1 Mistillit til verv i STiV

99 Medlemmar av eit av STiV sine organ, samt studentrepresentantar i råd og utval ved HVO,
100 kan bli stilt mistillitsforslag. Vedkomande kan då verte løyst frå vervet og verte erstatta av ein
101 person valt av Studenttinget, dersom mistillitsforslaget får naudsynt fleirtal. Den som det blir
102 stilt mistillit til, skal få høve til å uttale seg.

103

104 Det er berre registrerte studentar i inneverande studieår som kan stille mistillitsforslag.

105

106 § 4-2 Prosedyrar ved mistillit og fråtreding

107 Mistillit må verte vedteke med 3/4 fleirtal av Studenttinget, på eit ordinært Studenttingsmøte.

108 Det kan også kallast inn til ekstaordniært Studenttingsmøte, dersom det er behov for dette, jm.

109 § 5.3.4. Vedtak om mistillit skal skje bak lukka dører, og avstemminga skal vere skriftleg og
110 anonym. Saker om mistillit skal unndragast offentlege referat.

111

112 Vedkomne som får stilt mistillitsforslag mot seg, skal informerast om dette i god tid før
113 voteringsmøtet. Arbeidsutvalet vel ut ein eller fleire som tek ansvar for saksgongen, med
114 mindre dette møter motstand i Studenttinget.

115

116 Dersom ein fråtrer vervet, vil første vara automatisk bli hovudrepresentant for resten av
117 perioden. Dersom representanten ikkje har vararepresentant og det er meir enn to møter igjen
118 av studieåret, skal det haldast suppleringsval, jf. STiV sitt Valregelement.

119

120 § 5 Studenttinget

121 § 5-1 Samansetning

122 Studenttinget er studentdemokratiet sitt øvste organ, og skal ha representantar frå alle
123 avdelingane ved HVO. Det er sett saman av elleve faste studentrepresentantar og elleve vara.

124 Av dei elleve faste representantane, skal åtte vere likt fordelt frå dei fire avdelingane. Dei
125 resterande tre representantane er frie representantar, og fungerer som utjamningsmandat.

126 Detaljar knytt til gjennomføring av valet er nærare beskrive i Studenttinget sitt valreglement,
127 jf. § 2.5.

128

129 § 5-2 Føremål

130 Studenttinget skal aktivt arbeide for å sikre studentar ved HVO sitt læringsmiljø og faglege
131 utbytte. Dei ulike studenttingsrepresentantene har ansvar for å forhøyre seg på sine respektive
132 avdelingar om utfordringar og forbettringspotensiale på studiet.

133

134 Studenttinget skal handsame og gjere vedtak i saker som framkjem av organisasjonen sine
135 styringsdokument, jf. § 2. Dette inkluderer arbeid med revidering, godkjenning og vedtak av
136 STiV sine vedtekter, strategiplan, budsjett og arbeidsprogram.

137

138 Det skal, så tidleg det let seg gjere, veljast inn studentrepresentantar til HVO sine råd og utval
139 for inneverande studieår.

140

141 **§ 5-3 Møteregelement**

142 § 5.3.1 Fristar

143 Innkalling til studenttingsmøta skal skje seinast 14 dagar før møtedagen. Saker til sakslista må
144 vere inne seinast 10 dagar før møtedatoen, og sakspapir skal vere utsendt seinast 7 dagar før
145 møtedatoen.

146

147 Det skal leggjast fram ein møteplan på første ordinære møte i studieåret.

148 Innkalling til første møte i studieåret er gyldig om ho kjem seinast 7 dagar før møtedatoen.

149

150 § 5.3.2 Rettar og plikter

151 Møteplikt:

152 - Faste studenttingsrepresentantar

153 - Vara i fast representant sitt fråvær

154 - Arbeidsutvalet

155 - Organisasjonskonsulent

156 - Kontrollkomite jm. § 8

157 - Ordstyrar

158

159 Møterett:

160 - Alle studentar og tilsette ved HVO

161 - Gjester

162 - Uynskte personar kan visast bort etter vedtak

163

164 Talerett
165 - Alle med møteplikt- og rett
166
167 Forslagsrett
168 - Studentar ved HVO
169 - Andre kan få forslagsrett ved enkeltvedtak

170
171 Røysterett
172 - Faste studenttingsrepresentantar
173 - Vara i fast representant sitt fråvær

174
175 Saksfremjingsrett
176 - Studenttingets medlemmar
177 - Arbeidsutvalet
178 - Andre kan få saksfremjingsrett ved enkeltvedtak

179
180 § 5.3.3 Møtegjennomføring

181 Arbeidsutvalet, i samarbeid med organisasjonskonsulent, har ansvar for at sakspapira blir
182 sendt ut til Studenttingets medlemmer, kontrollkomité og eventuelt andre partar, jf. §5.3.1.
183 Organisasjonskonsulent skal føre referat frå alle møter, med mindre ansvaret blir delegert til
184 andre.

185
186 For at Studenttingsmøter skal vere vedtaksdyktige, må minst 2/3 av medlemmene med
187 stemmerett vere tilstades.

188
189 Røysting skal gjennomførast med utdelt stemmesetel. Unntak er røysting ved urneval, då det
190 her skal brukast egne lappar. Røysting blir gjort skriftleg dersom minst ein av dei røysteføre
191 ynskjer dette. Røysting vert avgjort med alminneleg fleirtal om ikkje anna vert nemnt. Ved
192 røystelikska får alle studentar som er til stades i møtet røysterett, utanom arbeidsutvalet,
193 kontrollkomiteen, sekretariatet og ordstyrar. Dersom det ikkje er andre studentar til stades blir
194 saka utsett til neste møte. Studenttinget kan velje å sjå vekk i frå vedtektene i enkeltsaker
195 dersom det vert vedteke einstemmig. Arbeidsutvalet innstiller på teljekorps om naudsynt. Dei
196 som etter §5.3.2, d), har forslagsrett, har moglegheit til å skriftleg leggje fram si meining i ei
197 sak dersom dei er forhindra i å delta på møtet.

198 **Dissens: Stryke fylgjande setning i linje 193-194: «Studenttinget kan velje å sjå vekk i frå**
199 **vedtektene i enkeltsaker dersom det vert vedteke einstemmig».**

200

201 § 5.3.4 Ekstraordinært møte

202 Det kan kallast inn til ekstraordinært Studenttingsmøte ved særleg viktige saker dersom eit
203 alminneleg fleirtal av studenttingsrepresentantane, eller eit samrøystes arbeidsutval, ynskjer
204 det. Eit slik møte skal kunngjerast seinast ei veke før møtet, og sakspapira skal gjerast
205 tilgjengeleg for representantane seinast tre dagar før møtedagen.

206

207 **§ 5-4 Arbeidsgrupper**

208 Studenttinget kan setje ned ei arbeidsgruppe når dei ser eit behov for det. Arbeidsgruppa skal
209 verte gitt eit mandat, og det skal utpeikast ein leiar som har ansvar for møteinnkalling,
210 kontinuitet i arbeidet og rapportering til Studenttinget.

211

212 **§ 6 Arbeidsutvalet**

213 **§ 6-1 Samansetning og formål**

214 Arbeidsutvalet (AU) i STiV er Studenttinget sitt dagleg arbeidande organ og førebur saker for
215 Studenttinget. Dei skal ha ein stillings- og arbeidsinstruks som er godkjent av Studenttinget.
216 De ulike stillingsinstruksane er opne for revidering kvart år. Arbeidsutvalet består av *leiar*,
217 *fagansvarleg*, *velferdsansvarleg*, *informasjonsansvarleg* og *internasjonalt ansvarleg*.

218

219 Medlemmer i Arbeidsutvalet kan ikkje inneha verv i Høgskulestyret samstundes som han/ho
220 sit som medlem i Arbeidsutvalet.

221

222 **§ 6-2 Føremål**

223 Arbeidsutvalet skal utarbeide og legge frem forslag til organisasjonen sine styringsdokument,
224 jf. § 2. AU skal gjennomføre tilstrekkjeleg med Arbeidsutvalgsmøter til å drive saksførebuing
225 til Studenttinget. Det inneber å innstille i alle saker som blir lagt fram for Studenttinget, og
226 sakene kan der det er høveleg sendast på høyring før handsaming i Studenttinget.

227

228 Arbeidsutvalet sørgjer for at vedtak fatta i Studenttinget vert fylgt opp og gjennomført. AU
229 skal bruke økonomiske og personalmessige ressursar i samsvar med STiV sine
230 styringsdokument. AU legg fram årsmelding med rekneskap for kvart kalenderår for

231 Studenttinget. Avtroppande AU-medlemer leverer skriftlege rapportar om arbeidet i vervet for
232 å sikre kontinuitet og gode overgangar ved val av nye medlemer i AU.

233

234 § 6-3 Konstituering

235 Arbeidsutvalet konstituerer seg sjølv etter kvart val av Arbeidsutval i Studenttinget. Det skal
236 veljast ein nestleiar innbyrdes i utvalet, som deltek på leiingsmøter og andre forum der det
237 opplevast naudsynt. Nestleiar fungerer som leiar i leiars fråvær.

238

239 Medlemmer av Arbeidsutvalet må vere registrert student hjå Høgskulen i Volda når han eller
240 ho tiltrer sitt verv.

241

242 § 6-4 Funksjonstid

243 Eit medlem av Arbeidsutvalet sit i si stilling fram til nytt val vert gjennomført i Studenttinget.
244 Unntak er dersom eit medlem sjølv trekkjer seg tidligare, eller av årsaker nemnt under ikkje
245 kan inneha vervet:

246

247 a) Dersom eit medlem av Arbeidsutvalet blir stilt mistillit til og dette får fleirtall i
248 Studenttinget, følger prosedyrer jf. § 4.2.

249

250 b) Dersom eit medlem av Arbeidsutvalet sluttar som student ved HVO. Vedkomande må
251 då trekkje seg frå sitt verv, men vil inneha vervet til suppleringsval og
252 overlappingsperiode er gjennomført.

253

254 Av- og påtroppande medlemer i Arbeidsutvalet skal delta likestilt i ein overlappingsperiode.
255 Overlappingsperioden går over en måned, med start i valdatoen. Formålet er opplæring av nye
256 medlemmer.

257

258 § 6-3 Møtegjennomføring

259 Arbeidsutvalet bestemmer sjølv korleis dei driv interne møter. Det skal skrivast referat frå
260 Arbeidsutvalsmøter. Referata er offentleg tilgjengelege på førespurnad.

261

262 § 7 Organisasjonskonsulent

263 Organisasjonskonsulenten utgjer STiV sitt sekretariat, og har det daglege administrative
264 ansvaret for Arbeidsutvalet. Høgskulen har arbeidsgjevaransvaret for
265 organisasjonskonsulenten, og utarbeider stillings- og arbeidsinstruks i samarbeid med leiar og
266 nestleiar i STiV sitt arbeidsutval. Stillings- og arbeidsinstruks må godkjennast av
267 arbeidsutvalet i STiV.

268

269 Oppretting og nedlegging av permanente stillingar kan berre fattast av Studenttinget i samråd
270 med Høgskulen.

271

272 **§ 8 Kontrollkomité**

273 Kontrollkomiteen skal syte for at STiV si verksemd fylgjer gjeldande styringsdokument.

274 Komiteen skal bestå av to medlemar som ikkje har andre verv som er en del av STiV, eller der
275 STiV er valkrins.

276

277 Kontrollkomiteen skal delta på møter i Studenttinget, føre kontroll med at STiV sine organ
278 fylgjer gjeldande styringsdokument og fatta vedtak. Sjå til at STiV sine ressursar vert
279 disponert i samsvar med budsjetta. Føre kontroll med gjennomføring av val der Studenttinget
280 er valkrins. Delta på møter i arbeidsutvalet minst ein gong i månaden.

281

282 **Dissens: kutte kontrollkomiteen, og dermed stryke heile § 8.**

283

284 **§ 9 Tillitsvalde**

285 Det skal veljast tillitsvald og vara ved alle studieprogram som er bachelorgrad og mastergrad,
286 samt årsstudium som gir 30 studiepoeng eller meir per semester. Funksjonstida fylgjer
287 ordinært skuleår, med mindre representanten fråtrer sitt verv som tillitsvald på tidligare
288 tidspunkt. Då av eige ynskje eller jf. § 4. Vedkomande vert då erstatta av ein ny representant
289 valt av klassen. Tillitsvalt har rett på attest frå Studenttinget, v. fagansvarleg.

290

291 Tillitsvalte ved HVO har informasjonsplikt ovanfor medstudentar på studiet om informasjon
292 frå høgare studentorgan. Dei skal arbeide for å ivareta studentane sine interesser på
293 avdelingsnivå/institusjonsnivå.

294

295 **§9-1 Studentrådet**

296 Studentrådet er et forum for tillitsvalde ved HVO. Det skal gjennomførast minst eitt møte
297 kvart semester, og ansvaret for planlegging, invitasjon, mobilisering og gjennomføring av
298 møtet ligger hos fagansvarleg i Studenttinget sitt Arbeidsutval.

299

300 Alle tillitsvalde ved HVO har møteplikt. Personleg vara skal tilkallast av STiV etter høve.
301 STiV sitt resterende Arbeidsutval og dekanane ved HVO er invitert som gjestar. Alle
302 studentar ved HVO har møterett. Alle studentar og dekanar ved HVO har talerett og
303 forslagsrett, men berre dei tillitsvalde har stemmerett.

304